

Fra: Øftshus, Mona Netland <mona.netland.oeftshus@helse-bergen.no>
Sendt: 24. september 2014 13:58
Til: Lisbeth Alvær
Emne: SV: Alle i aktivitet!

Hei!

Beklager at ikkje vi i fysioterapitenesta har kome med noko innspel til denne viktige saka!

Vi har faktisk hatt det som sak på eine avdelingsmøtet før sommaren, og det var meininga å koma med ein tilbakemelding.

Eg var med på møtet på Sæbø skule, og der kom det mange gode innspel. Det som kom fram på møtet hjå oss, støtta opp om dette.

Svært viktig med godt merka og lett tilgjengelege turveggar, og tydeleg informasjon om kor ein finn desse, som tydeleg skilting, informasjon på nett/sosiale media osv.

Det bør finnast badeplassar/turvegar i kommunen som er tilgjengeleg for alle, også dei som sit i rullestol. Universell utforming bør takast på alvor der det er mogeleg!

Mangfold av aktivitetar er viktig, slik at det fins noko for alle, sær med tanke på barn og ungdom.

Gang/sykkelvegar gjer det lettare for folk flest å halde seg i fysisk aktivitet, men kanskje ikkje så lett å få til her i Radøy.

Ja, her var ingen nye innspel, men berre ein støtte til alle dei gode forslagene som er kome fram.

Med venleg helsing

Mona Netland Øftshus, leiande fysioterapeut

Fra: Lisbeth Alvær [<mailto:Lisbeth.Alvaer@radoy.kommune.no>]
Sendt: 16. september 2014 10:21
Til: RA-Leiarar
Kopi: bmyking@broadpark.no; Idrettsrådet
Emne: Alle i aktivitet!

Hei!

For ei tid tilbake vart det sendt ut ein invitasjon til å komme med innspel til arbeidet med *Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø*. Dessverre kom det svært få innspel frå einingane til korleis kommunen gjennom små og større tiltak kan legge til rette for fysisk aktivitet for «alle, og vi oppmodar derfor igjen til å nytte høve til å kome med innspel.

Med ønskje om ein fin og aktiv dag!

Helsing plangruppa,
v/ Lisbeth T. Alvær

Fra: Lisbeth Alvær

Sendt: 6. mai 2014 08:49

Til: RA-Leiarar

Emne: Innspel til kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø

Alle i aktivitet! Dette er visjonen i kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og nærmiljø som no skal reviderast.

Arbeidet med å revidere kommunedelplanen for idrett, friluftsliv og nærmiljø har starta opp att, og plangruppa har hatt sitt første møte. Formannskapet er styringsgruppe i planprosessen, mens Eldrerådet, Ungdomsrådet og Råd for menneske med nedsett funksjonsevne er referansegruppe. Arbeidsgruppa vil nytte våren og sommaren til å leggje til rette for breiast mogleg medverknad i planarbeidet. Av konkrete tiltak i nær framtid er «*bygdemøte*» på Sæbø skule onsdag 21. mai kl. 19, der plangruppa vil informere om planarbeidet og invitere til innspel til planen. I revidert plan vil ein søke å ha større fokus på folkehelse og universell utforming enn tidlegare.

Plangruppa ønskjer konkrete innspel til korleis vi i Radøy kommune gjennom små og større tiltak kan leggje til rette for fysisk aktivitet for «alle». Involver gjerne dei tilsette i denne prosessen. Vi set også pris på gode idear til korleis vi kan engasjere og sikre at ulike brukargrupper nyttar høve til å kome med innspel til planarbeidet.

Ser fram til å høyre frå deke!

For plangruppa,
Lisbeth T. Alvær